

Ikkje tromsøpalme, men kjempebjønnekjeks?



Slik ser tromsøpalmen ut

Er det ikkje tromsøpalme, men kjempebjønnekjeks som veks i Uskedalen og som no har utløyst ein aksjon med fjerde klasse ved skulen som palmepoliti? Dag Hermansen, som bur i Bergen men er mykje av året i Uskedalen, trur det og skriv til oss om det.

Men det spelar for så vidt lita rolle, for kjempebjønnekjeks er like slem som slektingen sin hvis ein kjem borti plantesafta.

Dei to plantene blir ofte forveksla fordi dei liknar kvarandre. Men medan kjempebjønnekjeks er toårig er tromsøpalmen fleirårig.

I ein artikkel av Helge Sjurson og Jan Netland i Planteforsk på Ås om kjempebjønnekjeks står det at den er ein frå to til fire meter høg skjermplante med store finnete/koplete blad i fleire etasjar. Planta er vanlegvis toårig, noko som betyr at den spirar frå frø første året og overvintrar som bladrosett utan å blomstre. Ved blomstringa året etter dannar kvart individ ein stor stengel, ofte med ein eller to mindre sidestenglar.

Heile planta har ein stram lukt og på hovudstengelen er det mange skjermar. Når frøproduksjonen er ferdig, dør heile planta.

Dei to ekspertane skriv at planten kan forvekslast med tromsøpalme, som er ein tuedannande, fleirårig plante. Det er som regel få frøplantar rundt morplanta av tromsøpalmen. Høgda er noko mindre enn kjempebjønnekjeks.

Kjempebjønnekjeks vart opprinneleg teke inn til landet som prydplante på 1800-talet, men stammar frå Kaukasus. Sidan har den vorte forvilla i eng, på vegkantar, langs jernbane og trikkelinjer, langsmed bekker og i skogkantar. Planten er spreidd på Østlandet til Lillehammer og i kyst- og fjordstrøk nord til Trøndelag, men den er også registrert i Tromsø.

Tromsøpalmen veks i eng, på veg, langs skogkantar og på tangvollar. Den er vanleg i kyststrok i Nord-Noreg frå Helgeland til Aust-Finnmark.

Plantesafta frå både tromsøpalme og kjempebjønnekjeks inneheld furocoumariner som på hud kan gi kløande eksem og væskefylte blemmer som blir forsterke ved sollys. Andre grads forbrenning på hud er registrert. Hud som blir angrepe bør vaskast grundig og beskyttast mot sollyset.

Dei to ekspertane gir ei lang rekkje råd om korleis ein skal bli kvitt kjempebjønnekjeks. Dei skriv mellom anna at våren eller tidleg sommar før stengelen tar til å strekkja seg vil vera ei aktuell tid for kjemiske tiltak. Av kjemiske middel er Roundup (glyfosat) effektiv.

Så sjølv om det er kjempebjønnekjeks som veks i Uskedalen, er aksjonen som no er sett i gang like aktuell.

http://gammel.planteforsk.no/dokumenter/gronn_kunnskap_e/GKe_vol8_111_Kjempebjonnkjeks.pdf

Av Ola Matti Mathisen



.....og slik er kjempebjønnekjeks